



SÆRAVTALE

År 2021 den 13.12 og år 2022 den 5.1, 25.1 og 24.2 blei det halde forhandlingsmøte mellom Sunnfjord kommune på den eine sida og arbeidstakarorganisasjonane på den andre sida vedkomande godtgjersle for;

- deltidspersonell i beredskap utan vaktordning
- bruk av varslingssystem på fritida

Forhandlingane blei ført med heimel i SFS 2404 pkt 3.3 og pkt 5.4.

Tilstade:

Sunnfjord kommune:

- Kommunalsjef Jan- Inge Hage

- Personalsjef Jan B Moe

- Rådgjevar Dagun Muri

Arbeidstakarorganisasjonane:

- Fagforbundet v/HTV Janne Alette Fugle og TV Stig Tveit

- Delta v/ HTV Eli Fitje

- NITO v/HTV Anniken Heggedal

Konklusjon

Etter møta er partane samde om følgjande:

1. Godtgjersle for deltidspersonell i beredskap utan vaktordning

- I. Brannmannsskap i beredskap utan vaktordning får ei godtgjersle på **kr 8.000 pr år**.
Godtgjersla omfattar såleis ikkje dei mannskap som har vaktordning; pr tida er det alle brannmanskapa i Førde samt fem brannmannskap i Jølster (Skei/Vassenden).
- II. Godtgjersla gjeld frå 1.1.2022.
- III. Utbetalinga skjer månadleg.
- IV. Satsen vert justert årleg med verknad frå den 1.1. basert på lønsauken i kommunal sektor berekna av det tekniske berekningsutvalet for inntektsoppgjera (TBU).
Det betyr at første regulering skjer 1. januar 2023 basert på lønsauken i kommunal sektor i 2022.
- V. Partane skal likevel innan 1.6.2023 møtast for å sjå om godtgjersla som er gitt i Sunnfjord kommune ligg lågare enn det som er gitt i gjennomsnitt/generelt andre stader i landet. Om det er lågare, skal det forhandlast om ny sats med verknad frå 1.6.2023.

2. Godtgjersle for bruk av varslingssystem i fritida

- I. Godtgjersle for bruk av varslingssystem på fritida for brannmannskapa, vert godtgjort med **kr 25 650 pr år**.
- II. Godtgjersla gjeld frå 1.1.2022.
- III. Utbetalinga skjer månadleg.
- IV. Satsen vert justert årleg med verknad frå den 1.1. basert på lønsauken i kommunal sektor berekna av det tekniske berekningsutvalet for inntektsoppgjera (TBU).
Det betyr at første regulering skjer 1. januar 2023 basert på lønsauken i kommunal sektor i 2022.
- V. Denne særavtalen vedkomande godtgjersle for bruk av varslingssystem i fridtida, erstattar tidlegare særavtale om same tema av 15.11.2019.

Denne særavtalen gjeld for perioden 1.1.2021 – 31.12.2022, som er det same som SFS 2404.

Særavtalen må seiast opp med minst ein månad før utlaup. Om særavtalen ikkje er sagt opp av ein av partane innan fristen sin utlaup, vert særavtalen fornya for eitt år av gongen med same gjensidige oppseiingsfrist.

Underskrift

For arbeidsgjever


Janne Nels Fugle

For Fagforbundet


Eli Fjell

For Delta


A. Heggedal

For NITO

Protokolltilførsel frå arbeidstakarorganisasjonane

Organisasjonane legg til grunn at tema for reforhandlingar i 2023 er både årleg godtgjersle og verknadstidspunkt.